



Norsk presseforbunds offentlighetsutvalg
Sindre Granly Meldalen

Dykkar ref.:

Vår ref.:

23/11 - 111 / KTJ

Dato:

07.11.2023

Svar på førespurnad om innsyn - digital møteportal

God tysdag 😊

Viser til spørsmål om møteportal med meir.

Austrheim kommune har i dag Acos Websak som sak- og arkivsystem, inkludert Acos møte. Her er det inkludert ein politikarportal der dei folkevalde kan legga inn framlegg til vedtak, og kommentera på desse. Me er klare over problematikken rundt dette, sett opp mot offentlegheit, aktualisert av Østlands-Posten sitt arbeid for å få innsyn i Larvik kommune.

Men dei siste fem åra har det ikkje vore kommentert på vedtaksframlegg i portalen hjå oss, så me har ikkje prioritert innsyn i Acos Møte.

Frå slutten av november 2023 skal me over på ny løysing, Elements med møteløysinga Agenda Prepare/First Agenda. Heilt korleis dette fungerer, er me framleis i opplæring på.

Med helsing
Ketil Tjore
møtesekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere:

Norsk presseforbunds offentlighetsutvalg



Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407